



Årsmøte 2025 – Voss Idrettsråd 27.05.26

1. Innkalling, sakliste og vart godkjende.
2. Olav Farestveit vart vald til dirigent, Erik Flage til referent
3. Terje Vethe og Trond Syversen vart vald til å underskriva protokoll
4. Årsmeldinga vart gjennomgått og vedteken utan vesentlege kommentarar.
5. Årsrekneskapen viser eit resultat på 94.045 kr. Rekneskapen vart godkjend.
 - Kontrollutvalget hadde ingen merkandar til rekneskapen.
6. Fordelingsnøkkel til LAM-midlar vart vedteken halde uendra
 - a. Inntil 5% til aktivitet i regi av Voss Idrettsråd
 - b. Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 35 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
 - c. Para-utøvarer får 3300 kr pr medlem (6-19 år)
 - d. Mjølfjell skilag for 1000 kr og Voss fallskjermklubb og for 50% av medlemstilskotet
 - e. Alle aktive lag får minimum 1000 kr
 - f. Resten vert fordelt etter talet på medlemmer i aldersgruppa med $\frac{1}{3}$ på 6-12 år og $\frac{2}{3}$ på 13-19 år,
7. Budsjettet vart godkjent.
8. Handlingsplan for VIR vart vedteken med mindre endringar. Ein ynskjer spesielt å auka engasjementet rundt idrettsrådet.
9. Val:


Fylgjande vart vald:

- | | | | |
|---|-----------------|------|----------------------|
| - Leiar: | Olav Farestveit | 1 år | |
| - Nestleiar: | Erik Flage | 2 år | |
| - Isak Hommedal og Karethe Hoft Solstad var ikkje på val. | | | |
| - Styremedlem: | Tina Solstad | 2 år | Voss Motorsportklubb |
| - Styremedlem: | Björg Nesheim | 2 år | FBK Voss |
| - Vara: | Cecilie Remme | 2 år | Viljar |
| - Vara: | Terje Vethe | 2 år | Voss Golfklubb |

Kontrollkomité: Steinar Røthe og Martin Hindenes

Valkomité: Torgils Bryn og Trond Syversen

Terje Vethe


.....

Trond Syversen


.....

Rapport frå kontrollutvalet i Voss Idrottsråd

Kontrollutvalet har gjennomført kontroll av rekneskapen for 2025.
Det er gjort gjennomgang av resultatrekneskap, balanse og utvalde bilag.

På bakgrunn av gjennomgangen har kontrollutvalet ikkje merknader til rekneskapen.
Rekneskap og bilag framstår som oversiktlege og tilfredsstillande førte.

Voss, 20.mai 2026

For kontrollutvalet

Martin Hindenes



Steinar Røthe



Årsmelding for Voss Idrottsråd 2025 (1.5.25-1.5.26)

Årsmøtet for 2025 vart avvikla 17.juni 2025 på Idretthuset med val av nytt styre og funksjonstid.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2025)
Nestleiar	Erik Flage	Bulken IL	2 år (2024)
Styremedlem	Isak Hommedal	IL Eldar	2 år (2025)
Styremedlem	Karethe Hoft Solstad	Voss Freestyleklubb	2 år (2025)
Styremedlem	Wenche Håvik	IL Ørnar	2 år (2024)

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Vara-medlemmer har møtt

Knut Erik Sivertsen	FBK Voss	1 år (2024)
Cecilie Remme	IL Viljar	2 år (2024). Kasserer

Kontrollutval

Martin Hindenes	Viljar	2 år
Steinar Røthe	Voss	2 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrottsplass.
- Leiar har vore med i Medaljebygda sitt arbeid
- Cecilie Remme har vore kasserar.
- Karethe Hoft Solstad har vore sekretær
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av perioden avhalde 7 styremøter forutan årsmøtet

Voss herad sin idretts- og friluftskoordinator og har vore invitert og delteke på styremøtene. Heradet sitt bindelegg for frivilligheit har delteke på nokre av møta.

Olav Farestveit, Erik Flage og Hege Toje har vore med i styret i Idrettens Olympiade.

Me har nytta Voss IL sitt møterom i det nye idrettshuset. Dette har fungert godt og Voss Idrottsråd har etablert ein leigeavtale med Voss IL om å nytte dette møterommet for vår aktivitet.

Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 36 aktive lag (43 registrerte) som samla utgjør Voss Idrettsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Vestland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er til saman 8708 medlemmer (nedgang frå 9203) medlemskap innan Voss herad, noko som tilsvarar ca. 49 % av folkesetnaden. Det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Hang og Paraglider klubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss. Mange lag har ikkje registrert noko i idrettsregistreringa, nokre har registrert færre medlemmer, med nokre lag har registrert auke.

Kontingent for medlemskap i VIR

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2025 då den økonomisk situasjonen i idrettsrådet er god. Me gjorde vedtak på årsmøtet (jamfør nye retningslinjer ved tildeling av LAM (lokale aktivitetsmidlar) om å behalda inntil 5% prosent i idrettsrådet

IT-løysing

Heimesida er framleis på Idrettsforbundet sine sider.

Voss Idrettsråd har framleis ei Teams-løysing med post@vossidrottsraad.com som eigar og eine-medlem. Dette betyr at domene vossidrottsraad.com og e-postbrukar er flytta over til Microsoft. Styret i idrettsrådet er gjester (med sine e-post-adresser) til dette Teamet og kan oppdatere dokumenter og delta på møter.

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2025

- **Medaljebygda Voss.**

Det er avklart at dette blir vidareført i regi av Voss idrettsråd og at Michal Knussel som prosjektleiar. Me har jobba godt med dette prosjektet siste året. Design og utforming på installasjonane er ferdig, det same er framlegg til installasjonsplan. Vidare er det jobba godt med finansiering som på det nærmaste er avklart. Prosjektet har nå gått inn i ei realiseringsfase. Me jobbar framleis med å få Voss Herad involvert i realiseringa og med dei siste sponsorane

- **Reduserte kostnader for born og unge**

Voss idrettsråd har også tildelt inkluderings-midlar til laga ved to høve siste året. Dette er basert på retningslinjer frå idrettsforbundet og mottekne søknader frå laga

I September 2025 tildelte vi 268 110 kr

Lag		Tildeling
	Basket	40.000,-

Voss IL	Volleyball	23.000,-
	O-gruppa	8.000,-
	Open alle/ all-idrett	30.000,-
Eldar		35.000,-
Bulken		23.000,-
Bordtennis		19.000,-
FBK-Voss		50.000,-
Håndball		40.000,-
Totalt		268.000,-

I tillegg fekk Hardanger handbakkklubb 23 000 direkte frå Voss idrettsråd på grunn av deira. søknad vart oversett

I mai 2026 tildelte vi til saman 172 356 kr

Klubb	Tildelt beløp kr
Voss il Vollyball	15000
FBK Voss	38000
Voss il friidett	10000
Voss Elveklubb	6356
Bulken ski	8000
Bulken Fotball	7000
Il Viljar	14000
Voss IL, basketballgruppa Voss Avalanche	14000
Voss il og Ørner alpint	7000
Voss il nordisk	10000
Voss il orientering	10000
Voss bordtennisklubb	10000
IL Eldar	14000
Voss klatrelag	9000
SUM	172356

- **Sentralidrettsanlegget.** Framlegget om ny barnehage og skulestruktur kunne ha skipta mykje på reguleringsplanen og den daglege bruk av anlegga. Dette uttalte Idrettsrådet seg om.
Det er kome eit initiativ frå fotballklubben og ein nytt forsøk på fotballhall i området.

- **Bømoen.** VIR sende kommentarer til framlegget om minneleg avtale for Bømoen
- **Endra barnehage og skulestruktur.** Her deltok VIR på møter og sendte kommentar til heradet om framlegget

- **Idrettens olympiade A/S**

Det er utarbeida ein ny strategi for korleis vi vil arbeida dei neste åra for å fremja denne saka i Norge. Me brukar Hilde Magnusson Seniorrådgiver i Agenda Rådgivning. I tillegg har me fått utarbeid ein rapport i bærekraft i OL-samanheng utført av eit selskap som heiter Terravera. Me har at to møter med yngre krefter på Voss om dette og det er interesse for å jobba med dette. Me har etablert kontakt med Lillehammer. Etter at debatten om OL tok av etter OL i Italia i vinter har representantar frå Idrettens olympiade våre der. Me har

Årsresultatet vert kr –245 786 og egenkapitalen er på 322 136 ved nyttår

- **Lokalt trenarløft – Trenerkurs vår 2026.** V/ Erik Blindheim og Sanna Dregelid

Utviklingsprogram for trenarar som vil meir.

Trenarløftet; et nasjonalt konsept gjennom Olympiatoppen, dra inspirasjon frå dette

Fordelar: Fagleg trygglek, større nettverk, inspirasjon på tvers av idrettar og klubbar.

Målgruppe: motiverte trenarar som vil meir. Fire samlingar per år, ynskjeleg at klubbene dekker deltakaravgift for sine trenarar. Invitasjon og kriteriar er klubbane.

Skissert program:

Samling 1: 18. april – Coaching og idrettspsykologi (laurdagssamling)

Samling 2: Mai/ juni – Fysiologi og uthaldenhetstrening (kveldssamling vekedag)

Samling 3: August/ September – Styrketrening for idrettsutøvarar (kveldssamling vekedag)

Samling 4: Oktober/ November – Motivasjon og tilrettelegging (kveldssamling vekedag)

Voss idrottsråd er positiv til prosjektet. Erik og Sanna har eit budsjett 100 000 kr. VIR dekker inntil 50 % av dette. Det er 24 deltakere på løftet .

Samarbeid med Voss Herad- Frivillighetsforum.

VIR med leiar deltatt i to møter med politisk- og administrativ leiing i for Herad som kultur-rådet.

Frå 1.januar 2025 er det tilsett i Avdeling for kultur og fritid ein frivilligkoordinator. Denne rolla går ut på å sikra god dialog mellom kommunen og frivilligheita.

Om LAM-midler

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF.

I 2025 vart laga i Voss kommune tildelt kr. 1 695 085 kr .

Pengane vart fordelt etter fordelingsnøkkel vedtatt på siste årsmøte i

1. Inntil 5% til aktivitet i regi av Voss Idrettsråd
2. Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 35 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
3. Para-utøvarer får 3300 kr pr medlem (6-19 år)
4. Mjølfjell skilag for 1000 kr og Voss fallskjermklubb og for 50% av medlemstilskotet
5. Alle aktive lag får minimum 1000 kr
6. Resten vert fordelt etter talet på medlemmer i aldersgruppa med $\frac{1}{3}$ på 6-12 år og $\frac{2}{3}$ på 13-19 år,

Styret gjer framlegg om at denne fordelinga held fram

Nye anlegg.


- Voss IL og Il Ørnar har arbeidd med oppgradering av løyper og snøproduksjonsanlegg i Bavallen
- Voss Il oppgraderer tennisbanar
- Bavallsbakken a/s arbeider med oppdragering av hoppbakken.

- Voss Ski- og tursenter oppgraderer skytebanen og utvidar snøproduksjons-anlegget
- IL Ørnar oppgraderer idrettsanlegget sitt
-
-

Om spelemidlar.

Det er totalt 17 søknadar for ordinære anlegg og 3 søknadar for nærmiljøanlegg for tildelinga i 2026 for Voss herad. Total søknadssum er omlag 22 millionar, fordelt på 21 millioner på ordinære anlegg og 1 millioner på nærmiljøanlegg. Prinsippa for prioritering av spelemidlar er innarbeidd over fleire år og det er pr. no ingen grunn til å gjera endringar i ordninga.

Nærmiljøanlegga vil få tildelt midlar anten fyrste eller andre året dei søkjer, medan ordinære anlegg kan måtte venta i 2-3 år.



Figur 1: Oversikt på søknadssum og tildelingar i Voss kommune og Voss herad over tid.

VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 2-3 års- periode.

Ref avgjerd i Heradstyre desember 2023 vurderer heradet om dei skal forskottere renter for anleggsutbyggarane i denne ventetida. Denne saka er ikkje kome noko vidare med

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Voss herad fekk inn 12 søknader på tilsammen 1 169 000 kr

Søkjar	Anlegg	Søknadssum	Tildeling
Eldar IL	Sundve idrettsplass	200.000	30.000
Voss ski- og tursenter	Voss ski- og tursenter	109.000	50.000
Voss fotball AS	Kunstgrasbanar Prestegardsmoen	100.000	50.000
Haugsvik grendalag	Haugsvik nærmiljøanlegg	10.000	10.000
Bulken idrettslag	Ljosløype Nestås	35.000	30.000
Voss elveklubb	Tvildemoen	60.000	25.000
Voss MTB-klubb	Masterplan sykling	425.000	0
Voss motorsport klubb	Kyrkjeteigen Bømoen	100.000	30.000
Bjørgum IL	Bjørgum idrettsplass	50.000	30.000
Vossevangen cyckleklubb	Landevegssykkelanlegg	30.000	30.000
Voss grappling og kampsportklubb	Fleirbruksrom	50.000	15.000
Totalsum		1.169.000,-	300.000,-

Edvard B.Hegboms minnefond.

For 2025 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris i samband med 17. mai feiring til Erik Blindheim Voss Handballklubb og Bulken IL .

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kndidat til idrettsstipend . Tilrådingane våre vart følgde

Voss Idrottsråd

Resultatregnskap

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2025		2024	
Driftsinntekter				
Sponsor- og salgsinntekter				
Offentlige tilskudd	kr	140 000,00	kr	143 478,00
Andre inntekter	kr	8 079,00	kr	100 000,00
Sum driftsinntekter	kr	148 079,00	kr	243 478,00
Driftskostnader				
Varekostnad			kr	-
Lønns- og personalkostnader	kr	15 000,00	kr	15 000,00
Avskrivninger			kr	-
Andre driftskostnader	kr	59 623,90	kr	107 371,20
Sum driftskostnader	kr	74 623,90	kr	122 371,20
Driftsresultat	kr	73 455,10	kr	121 106,80
Finansposter				
Finansinntekter	kr	20 590,00	kr	9 174,00
Finanskostnader	kr	-	kr	-
Sum finansposter	kr	20 590,00	kr	9 174,00
ÅRSRESULTAT	kr	94 045,10	kr	130 280,80
Disponering av årets resultat				
Fra egenkapital	kr	-	kr	-
Avsatt til annen egenkapital	kr	94 045,10	kr	130 280,80
Sum disponering	kr	94 045,10	kr	130 280,80

Voss 11.05.2025

Erik Flage
Nestleiar

Isak Hommedal
Styremedlem

Olav Farestveit
Styreleiar

Karethe Hoff Solstad
Styremedlem

Wenche Håvik
Styremedlem

Balanse

EIENDELER	2025		2024	
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler				
Inventar og utstyr				
Sum varige driftsmidler	kr	-	kr	-
Finansielle anleggsmidler				
Investeringer i aksjer og andeler				
Sum finansielle anleggsmidler	kr	-	kr	-
Sum anleggsmidler	kr	-	kr	-
Omløpsmidler				
Varer				
Varelager				
Sum varelager	kr	-	kr	-
Fordringer				
Kundefordringer	kr	-	kr	-
Andre kortsiktige fordringer	kr	-	kr	-
Sum fordringer	kr	-	kr	-
Bankinnskudd, kontanter o.l.	kr	714 043,63	kr	608 498,53
Sum omløpsmidler	kr	714 043,63	kr	608 498,53
SUM EIENDELER	kr	714 043,63	kr	608 498,53
EGENKAPITAL OG GJELD				
Egenkapital med selvpålagte restriksjoner				
formål				
Sum egenkapital med selvpålagte restriksjoner	kr	-	kr	-
Annen egenkapital				
Egenkapital (IB 1/1)	kr	604 998,53	kr	474 717,73
Årsresultat	kr	94 045,10	kr	130 280,80
Sum annen egenkapital	kr	699 043,63	kr	604 998,53
Sum egenkapital	kr	699 043,63	kr	604 998,53
Annen langsiktig gjeld				
Lån				
Avsetninger fond				
Sum langsiktig gjeld				
Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld				
Skatt og offentlige avgifter				
Annen kortsiktig gjeld				
Sum kortsiktig gjeld				
Sum gjeld	kr	-	kr	3 500,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr	699 043,63	kr	608 498,53

Voss

 Erik Flage
 Nestleiar

 Olav Farestveit
 Styreleiar

 Isak Hommedal
 Styremedlem

 Wenche Håvik
 Styremedlem

 Kartehe Hoff Solstad
 Styremedlem

Rapport frå kontrollutvalet i Voss Idrottsråd

Kontrollutvalet har gjennomført kontroll av rekneskapen for 2025.
Det er gjort gjennomgang av resultatrekneskap, balanse og utvalde bilag.

På bakgrunn av gjennomgangen har kontrollutvalet ikkje merknader til rekneskapen.
Rekneskap og bilag framstår som oversiktlege og tilfredsstillande førte.

Voss, 20.mai 2026

For kontrollutvalet

Martin Hindenes



Steinar Røthe



Edvard B Hegbom

Konto

Edvard B Hegbom Minnefond
9581 09 52300

186 926,61 ▼

Du kan sjå transaksjonar eldre enn 01.04.2025 ved å leggje inn frå-dato i filteret.

Opne filter

Eksporter transaksjonar ▼

Ut av konto
-4 620,00

Inn på konto
8 008,00

Saldo pr. 01.04.2025
183 538,61

Saldo pr. 10.05.2026
186 926,61

31.12.25 KREDITRENTER
Renter

8 008,00 >

06.06.25 DEL AV RENTER 2024
Transaksjon

-4 620,00 >

Kontrollutval

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR. Idrettsrådet skal hjelpe til med råd og rettleiing og vere bindeledd mellom lagslivet og heradet.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av dette. Det er og viktig at laga viser engasjement i høve til VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstades både i styremøte og i andre samanhengar. Styremedlemene må i tillegg bidra i dei arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt eit beløp på 15.000 kr. som godtgjersle for dette engasjementet. Pengane vert fordelt i høve til arbeidsmengde.

Styret tilrår at dette held fram.

Busjett Voss Idretttråd 2026

Tekst	Inntekt	Utgift
Tilskott Voss Herad	70 000	
Renter	5 000	
LAM	70 000	
Utgifter		
Diverse utgifter		10 000
Reiser		10 000
Arrangement		15 000
Trenerstøtte , støtte til lag		100 000
Styrhonorar		15 000
Oppgradere heimeside		5 000
Medajlebygda		50 000
Gratishall		70 000
Sum	145 000	275 000
Underskudd		- 130 000